



SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Plan- og driftsutvalet	17.06.2019	063/19

Saksbehandlar	Arkiv:	Journalpostnr.
Tveit, Elisabeth P.	N-654	19/2138

Høyringsuttale Gjelet kraftverk

Dokument i saka:

Dok.dato	Tittel
07.05.2019	Høyring av søknad om bygging av Gjelet kraftverk i Storelvi, Jondal kommune

Saka blir avgjort av:.

Plan- og driftsutvalet

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Vassressurslova

Energilova

Kommuneplanen for Jondal 2012–2022

Kommunedelplan for kulturminne Jondal kommune 2009–2020

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009–2021

Naturmangfaldlova

Klimaplan for Hordaland 2014–2030

Meld St. 25 (2015–2016) Kraft til endring – energipolitikken mot 2030

Kommunedelplan for energi og klima for Jondal kommune 2012–2016

FNs berekraftmål

Saksopplysningar:

Jona Kraft AS søker om konsesjon for Gjelet kraftverk i Storelvi i Herand. Grunneigarane og Jona Kraft AS ynskjer å utnytte delar av det nedste fallet i Storelvi. Det vert søkt om løyve til bygging og drift med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner for Gjelet kraftverk etter vassressurslova § 8 og energilova.

I 2013 søkte NK Småkraft AS og grunneigarane om konsesjon for Sæverhagen kraftverk. Søkjarane ynskje å utnytte det nedste fallet mellom Herandsvatnet og Hardangerfjorden. Då

var planlagt produksjon 13,3 GWh. NVE gav avslag på søknaden for Sæverhagen kraftverk i 2014. NVE meinte at kriteria i vassressurslova § 25 ikkje var oppfylt. Det vart utarbeidd ein planendring for å stetta delar av avslagsgrunnlaget. Sæverhagen kraftverk klaga på NVE sitt avslag i 2016 etter planendringa. Olje- og energidepartementet fann ikkje grunnlag for å gå imot NVE sitt vedtak om å avslå Sæverhagen kraftverk. Departementet fatta vedtak der klagen frå Sæverhagen kraftverk ikkje vart tatt til følge, og NVE sitt vedtak 22.04.2016 vart oppretthaldt.

Når det no vert søkt om konsesjon for Gjelet kraftverk er det gjort nokre endringar frå konsesjonssøknaden for Sæverhagen kraftverk. I søknaden står det at *«alternativet vi nå søker om godkjenning for, er vesentlig mindre og medfører færre inngrep. Det kan her nevnes at fossen ikke blir berørt, oppgangssaga sin vanntilgang forblir upåvirket, fiskeindustrien sitt reserve vannintak blir upåvirket og vannforbruket er redusert fra 73 % til 52 % av det tilgjengelig vannet»*.

Gjelet kraftverk vil nytta eit nedslagsfelt på 41,6 km², med inntak på kote 75,5 og kraftstasjon på kote 23,5. Elva har eit fall på 52 m mellom kote 75,5 og kote 23,5. Kraftverket vil nytta 0,5 km av elvestrekninga. Det er planlagt å nytta eksisterande dam i Storelvi for å samla opp vatnet og føre turbinvatnet til det nye inntaket. Inntaket vert utstyrt med varegrind, stengeanordning og lufteinnretning. Kraftverket vil ha ei maksimal slukeevne på 4 m³/s. Frå kote 75,5 og ned til kraftstasjonen vert det nedgravd røyrgate på om lag 530 m. Kraftstasjonen er planlagt med utløp 250 m frå Hardangerfjorden. Kraftstasjonen vil få ei samla grunnflata på om lag 50 m². Bygningen vil få god lydisolasjon som følge av at det er 50 m til næraste bustadhus. Det vert foreslått ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar på 625 l/s og 5-persentil vinter på 208 l/s. Bygginga av Gjelet kraftverk vil ikkje påverka vasstanden i Herandsvatnet.

Det skal byggast ny tilkomstveg på 20 m med 4 m breidde til kraftstasjonen. I anleggsperioden vil det bli behov for ei anleggsgata på 10–20 m samt ein midlertidig anleggsveg langs heile traseen for transport av utstyr, omfyllingsmassar og røyr. Anleggsvegane er midlertidige og terrenget skal tilbakeførast til slik det var før utbygginga.

Masser frå røyrgata vil bli nytta i sjølve røyrtraseen i naturlege søkk. Det vil bli laga ein plan for midlertidig deponering av massane når området er nøyaktig oppmålt, og anlegget er planlagt i detalj.

Gjelet kraftverk er berekna til å produsera 9 GWh pr. år. Planlagt installert effekt er på 1,765 MW. Den planlagde utbygginga er kostnadsrekna til 21 mill. kr som gjev ein utbyggingspris på 2,33 kr/kWh.

Kraftstasjonen vil ligge nær eksisterande 22 kV-linje. Det vil bli om lag 40 m jordkabel frå kraftstasjonen til tilknytingspunktet.

Tidlegare har delar av elvestrekninga vore nytta til kraftproduksjon og oppgangssag. Både dam, røyrgate og kraftstasjonsbygning frå det tidlegare kraftverket kan framleis sjåast i området. Gjelet kraftverk vil ikkje påverka vasstilgangen til oppgangssaga.

I konsesjonssøknaden under virkning for miljø, naturressursar og samfunn vert det trekt fram kva konsekvensar kraftverket vil få. Samla sett vil tiltaket gje middels/lite negativ omfang for påviste naturverdiar. I området rundt inntaket er det vegetasjon bestående av urter, staudar og bregner. Vidare nedover elva vert staudane meir dominerande. Røyrkata vil stort sett gå langs eller over dyrka mark. Heilt øvst vil røyrtraseen ligge på bakken grunna eit trangt gjel. Området langs Storelvi er avgrensa som eit viktig bekkedrag i kulturlandskapet av lokal verdi. Ved Storelvi er det registrert den raudlista tresorten alm (NT). Storelvi er ueigna som gyteområde for laks og sjøaure. Tiltaket vil ha liten konsekvens for fisk og ferskvassbiologi utanom at det vil bli mindre produksjon av fauna i elvebotnen.

Som vedlegg til konsesjonssøknaden er det ein hydrologisk rapport frå NVE, datert 19.12.2007, og ein rapport om biologisk mangfald av Bioereg AS, datert 08.02.2008 som er oppdatert og revidert 18.12.2012.

Vurdering:

Utbygginga av Gjelet kraftverk ligg i eit område som i gjeldande kommuneplan er eit LNF-område. Gjelet kraftverk vil ikkje berøra inngrepsfrie naturområder (INON) jf. miljødirektoratet.no. Utbyggingsområdet er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag eller andre verneplanar.

Kommunedelplan for kulturminne: «*Herand har fått status landskapspark på grunnlag av kulturlandskapet i grenda*». I fylkesdelplan for små vasskraftverk står det at: «*Landskapsparkane skal ivareta og utvikle kulturlandskapet som grunnressurs for næring og busetting for kommande generasjonar. Dei skal ha ein natur- og miljøprofil i høve prinsippa for geoturisme, bygge på området sin eigeart, på lokal historie og kultur samt sikre tilgjenge og oppleving av fastbuande og besøkande*». Oppgangssaga i Herand er nemnd i kulturminneplanen til Jondal og i fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland. Oppgangssaga ligg nedanfor utbyggingsområdet og vil ikkje bli berørt av kraftverket.

I Herand er det ein detaljreguleringsplan under arbeid for settefiskanlegget til MOWI Norway AS (tidlegare Marine Harvest). Detaljreguleringsplanen ligg utanfor området kraftverkutbygginga vil røre ved. Drifta av det planlagte småkraftverket vil ikkje påverka tilgjengeleg vassmengde for settefiskanlegget.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009–2021: «*Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskaps-karakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilplassing av tekniske inngrep*». I fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009–2021 ligg Gjelet kraftverk i landskapsklasse B. Landskap i klasse B er område som er typisk fjordlandskap der landskapet har gjengs gode kvalitetar, men er ikkje eineståande. Herand høyrer til delområde 8 Samlafjorden, «*Samlafjorden delområde har stort potensial for småkraft*». Samlafjorden er ein sentral del av Hardangerfjorden og er eit døme på eit B-område som er del av eit større A-område og som har stor regional betydning. Dei typiske landskapa i regionen, klasse B, er fjordlandskap av lokal betydning og er satt til middels verdi.

Naturmangfaldlova §§ 8 – 12 er grunnlag for retningslinjer i saker som rører ved naturmiljøet. Ved søk i fagsystemet Naturbase er det ikkje registrert viktige miljøelement

som rører ved tiltaket. Det er registrert eit kulturminne, dyrkingslag, langs Storelvi som er fjerna, jf. kulturminnesøk.no. Det er ikkje registrert freda bygningar eller dyr og planter som er raudlisteartar langs Storelvi jf. miljøstatus.no og artsdatabanken.no. Førre-var-prinsippet vert brukt der ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om naturmiljøet. I følgje tilgjengelege databasar vert kunnskapsgrunnlaget her vurdert til å vera tilstrekkeleg klarlagt. Naturmiljøet vil ikkje få avgjerande betydning av ei utbygging av kraftverket. Utbygginga av kraftverket skal utførast med miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Kostnadar ved verdiminking av miljøet skal dekkast av tiltakshavar. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med utbygginga av Gjelet kraftverk, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren må få melding om funna.

For turistar og friluftslivet vil inngrepet ha negative konsekvensar i form av reduserte estetiske og naturgjevne opplevingar. Ulempene er i hovudsak knytt til redusert vassføring. Med ei minstevassføring på 625 l/s om sommaren og 208 l/s om vinteren vil det framleis vera god vassføring i elva. Maksimal slukeevne er 4 m³/s. Ei minstevassføring og maks slukeevne på 4 m³/s vil gje fleire periodar med overløp. Det vil bidra til å oppretthalda eit fuktig miljø langs Storelvi. Kraftstasjonen vil bli plassert ved «fossen» på kote 23,5 med ein kort avlaupskanal attende til elva.

Tiltaket vil i liten grad påverke jakt og fiske. For den midtre delen av røyrgata vert det i dag drive aktivt jordbruk. Det er fulldyrka jord jf. miljøstatus.no. I anleggsperioden når det skal gravast trase for røyrgata vil landbruket bli påverka. Når røyrgata skal leggjast bør ein i størst grad prøva å spara kantskogen mot elva. I 2015 gav kommunen løyve til ein landbruksveg på 380 m langs Storelvi.

Dei samfunnsmessige verknadane ved utbygging av Gjelet kraftverk er i hovudsak positive for Jondal kommune. Det er med på å styrka næringsgrunnlaget for fallrettseigarane som i stor grad er lokale, og ved at utbygginga kan gje oppdrag til lokale bedrifter i anleggsperioden. Vidare får kommunen tilført inntekter, hovudsakleg gjennom eigedomsskatt, og sikra leveringstryggleik av straum. For samfunnet elles bidreg det til auka produksjon av fornybar kraft og med det moglegheiter for reduserte klimagassutslepp.

Bygging av Gjelet kraftverk vil føre til auka produksjon av fornybar energi, som er i tråd med målsetninga i Klimaplan for Hordaland 2014–2030 og regjeringa si satsing, jf. Meld. St. 25 (2015–2016) Kraft til endring – energipolitikken mot 2030. Utbygginga er i samsvar med den gjeldande kommunedelplanen for energi og klima for Jondal kommune om å satse på klimavenleg energiproduksjon.

Noreg har som mange andre land slutta seg til FNs 17 berekraftsmål. Når det gjeld denne saka om utbygging av eit kraftverk kan ein trekkja fram mål nr. 7 om rein energi for alle. I mål nr. 7 står det at ein «skal sikre tilgang til pålitelig, berekraftig og moderne energi til ein overkommelig pris for alle. Energi er den største bidragsyteren til klimaendringar, gjennom utslipp av CO₂ og andre klimagassar. Løsningen er fornybar energi som vannkraft, vindkraft og solkraft. Fornybar energi er bærekraftig». Andelen fornybar energi må aukast dersom verden skal nå målet om å begrense klimautslepp og global oppvarming.

Visjonen til Klimaplanen for Hordaland er eit Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet.

Energibehovet skal i størst mogleg grad dekkast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald. Produksjon av fornybar energi er sentral for å fase ut fossil energi og redusere klimagassutsleppa. Eit mål for energiproduksjonen er at Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi.

Tilråding frå rådmann:

– Jondal kommune er positive til at det vert bygd ut småkraftverk i kommunen. Dette vil gje meir produksjon av rein fornybar energi og gje eit betre grunnlag for å oppretthalda busetnaden og drift på småbruka i kommunen. Jondal kommune meiner at fordelane med utbygging av Gjelet kraftverk klart overstig ulempene.

Reidar Isdal – rådmann

17.06.2019 Plan- og driftsutvalet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

PDU– 063/19 Vedtak:

Jondal kommune er positive til at det vert bygd ut småkraftverk i kommunen. Dette vil gje meir produksjon av rein fornybar energi og gje eit betre grunnlag for å oppretthalda busetnaden og drift på småbruka i kommunen. Jondal kommune meiner at fordelane med utbygging av Gjelet kraftverk klart overstig ulempene.